



---

# FORSKRIFT OM SFO

---

SKULEFRITIDSORDNINGA I SYKKYLVEN KOMMUNE



Vedtatt av Levekårsutvalet 13.11.2024

## INNHALD

Innleiing .....	3
§ 1 Heimel og verkeområde .....	4
§ 1-1 Heimel.....	4
§ 1-2 Verkeområde .....	4
§ 2 Føremål og retningslinjer .....	4
§ 3 Inkludering og medverknad .....	5
§ 4 Eigarforhold og leiging .....	5
§ 4-1 Eigarforhold .....	5
§ 4-2 Leiging .....	5
§ 4-3 FAU og foreldremøte .....	5
§ 5 Opptak av barn.....	6
§ 5-1 Opptaksmynde .....	6
§ 5-2 Opptakskriterium.....	6
§ 5-3 Hovudopptak.....	6
§ 5-4 Kjøp av einskild dagar i SFO.....	6
§ 5-5 SFO-tilbod for elevar med særskilde behov på 1.-7. trinn .....	7
§ 5-6 Klagerett.....	7
§ 6 Opphaldstilbod og prisar .....	7
§ 6-1 Tilbod .....	7
§ 6-2 Prisar .....	7
§ 6-3 Foreldrebetaling .....	7
§ 6-4 Moderasjonsordningar .....	8
§ 6-5 Søskenmoderasjon .....	8
§ 7 Endring av tildelt tilbod .....	8
§ 8 Oppseiing av plass .....	8
§ 9 Opningstider .....	9
§ 10 Skulefrie dagar .....	9
§ 11 Måltid .....	9
§ 12 Bemanning.....	9
§ 13 Leike- og opphaldsareal.....	10
§ 14 Skyss til og frå SFO .....	10
§ 15 Reglar for orden og åtferd.....	10
§ 16 Legemiddelhandtering.....	10
§ 17 Politiattest.....	10

§ 18 Teieplikt .....	11
§ 19 Ulykkesforsikring .....	11
§ 20 Endring av lokal SFO-forskrift .....	11
Iversetjing .....	11

## Innleiing

Lokal forskrift om skulefritidsordninga (heretter forkorta SFO) er felles for dei kommunale skulane i Sykkylven. Innanfor rammene til lokal forskrift og nasjonal rammeplan for SFO vert det gitt rom for skulevise variasjonar, satsingar og planar.

SFO er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa og er eit frivillig tilbod. SFO i Sykkylven kommune skal drivast i samsvar med skulen sitt verdigrunnlag og sentralt vedtekne lover og forskrifter.

Kommunen pliktar å ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn og for barn med særskilde behov for 1.-7. årstrinn. Plikta til å ha SFO-ordning er avgrensa til skuleåret. Den er ingen plikt for kommunen å ha ei slik ordning i feriane.

# § 1 Heimel og verkeområde

## § 1-1 Heimel

Lokal forskrift om SFO er heimla opplæringslova § 4-5 og opplæringsforskrifta §§ 2-2 til 2-5. SFO er også underlagt «Forskrift om rammeplan for skolefritidsordninga» og «Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordningar».

## § 1-2 Verkeområde

Forskrifta gir reglar om den kommunale skulefritidsordninga (SFO) i Sykkylven kommune, og gjeld for elevar på 1.-4 årstrinn og for elevar med særskilde behov på 1.-7. årstrinn.

# § 2 Føremål og retningsliner

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. I samarbeid og forståing med heimen skal SFO dekke behovet barna har for omsorg og tilsyn, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingskår. SFO skal også gi rom for rekreasjon og kvile. SFO skal fremje den fysiske og psykiske helsa til barna, og fremje trygge og gode relasjonar. Opplæringslova kapittel 12 (Skulemiljøet til elevane) gjeld også for SFO.

SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Det skal leggest til rette for aktivitetar både innandørs og utandørs. SFO skal bidra til barna si meistring, livsglede og oppleving av eigenverdi.

Med utgangspunkt i barnas skaparglede, engasjement og utforskartronge skal SFO gi ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring. SFO skal prioritere tid og rom for leik, både gjennom sjølvvalde aktivitetar og vaksenstyrte aktivitetar. Dette skal vere tilpassa barn i ulike alder og med ulikt funksjonsnivå.

SFO skal også oppmuntre barna til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta gjennomtenkte val. SFO kan tilby tilrettelagde aktivitetar som støttar opp under innhaldet i skulen. Tilnærminga i SFO skal likevel vere anna enn i skulen. Leik og barnestyrt aktivitet skal ha stor plass.

SFO skal planlegge innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg. Med utgangspunkt i lokale forhold skal dette bidra til å realisere rammeplanen for SFO.

Rammeplanen slår fast at SFO er i ein sentral posisjon til å kunne observere og få informasjon om barna sin omsorgs- og livssituasjon, og personalet i SFO er omfatta av meldeplikta til barnevernet. SFO skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og skal ha kjennskap til korleis dette kan oppdagast og førebyggjast.

## § 3 Inkludering og medverknad

I planlegginga av innhaldet skal SFO vere bevisst på at aktivitetar også kan verke ekskluderande på enkeltbarn eller grupper. Dette til dømes på grunn av økonomi, behov for særskild tilrettelegging eller språkleg og kulturell bakgrunn. SFO skal vurdere korleis det heilskaplege tilbodet i SFO kan tilpassast for å vere mest mogleg inkluderande.

SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta, og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barna opplever likeverd, sosial tilhøyrse og sosialt fellesskap med andre barn og personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald, og kan også bidra til å jamne ut sosiale skilnader.

SFO skal fremje demokrati. Barna har rett til medverknad tilpassa deira alder og føresetnadar. Dette gjeld også for innhaldet i SFO og i arbeidet for eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø. SFO skal også legge til rette for god dialog og samarbeid med foreldra.

## § 4 Eigarforhold og leiing

### § 4-1 Eigarforhold

Sykkylven kommune ved kommunestyret er eigar av SFO på kommunale skular. Etter delegeringsreglementet i kommunen er SFO lagt under levekårsutvalet. Administrativt ligg SFO under kommunedirektøren, delegert til kommunalsjef oppvekst.

### § 4-2 Leiing

Rektor/einingsleiar har det overordna økonomiske, administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga ved den einskilde skule. I tillegg skal skulen ha ein SFO-leiar som har ansvar for den daglege drifta av SFO. SFO-leiar er ein del av skulen sitt leiarteam og rapporterer til rektor.

### § 4-3 FAU og foreldremøte

Det skal veljast ein foreldrerepresentant til foreldra sitt arbeidsutval (FAU) blant foreldre/føresette som har barn i SFO. FAU fungerer som foreldrerråd også for SFO. Foreldrekontakten skal sikre barna og foreldra sine interesser i SFO og fungere som bindeledd mellom barna/foreldra, den daglege SFO-leiinga og skulen si leiing. Alle foreldre som har barn i SFO skal kallast inn til minst eitt foreldremøte i løpet av skuleåret.

Eit utvida FAU, som også inkluderer politisk representant, skal ha eitt møte i løpet av hausthalvåret, og eitt møte i løpet av vårhalvåret. Utvida FAU fungerer som styre ved den einskilde skule. SFO-leiar har møte- og uttalerett i utvida FAU.

## § 5 Opptak av barn

### § 5-1 Opptaksmynde

Rektor ved den einskilde skule er opptaksmynde. Vedtak blir fatta i samarbeid med SFO-leiar.

### § 5-2 Opptakskriterium

Så langt det er råd skal alle som søker plass i SFO få tildelt plass, men opplæringslova gir ikkje elevane rett til plass i SFO. Dersom det er fleire søkjarar enn SFO har plass til, vert barn med særlege behov prioritert framfor andre søkjarar.

Barnet skal gå på SFO på den skulen han/ho er elev. Tilbodet gjeld for alle barn på 1. til og med 4. trinn, og for barn med særskilde behov frå 1. til og med 7. trinn.

Barn med særlege behov har ikkje rett til spesialundervisning i skulefritidsordninga fordi SFO ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa. PP-tenesta er ikkje sakkunnig instans i høve SFO. Kommunen bør likevel lytte til råd og vurderingar frå ulike instansar som kjenner barnet og som kan ha nyttig informasjon om barnet sine behov og funksjonsnivå.

### § 5-3 Hovudopptak

Hovudopptaket av barn skjer om våren med søknadsfrist 1. mars, og gjeld for oppstart 1. august. Om det er ledige plassar, kan barn bli tekne inn også i løpet av skuleåret. Barna vert tildelt plass til dei går ut 4. trinn eller til skriftleg oppseiing vert levert frå føresette. Dette betyr at føresette ikkje treng å søke om fornya SFO-plass ved nytt skuleår frå og med 2. trinn, med mindre ein ønskjer å endre på type SFO-opphald.

På kommunen si heimeside er det lenke til elektronisk søknadsskjema om plass i SFO via lenka **Visma Flyt Skole**.

SFO-året startar 1. august og vert avslutta 31. juli påfølgande år.

Opptak skjer ved den einskilde skule etter søknad frå føresette. Føresette må stadfeste at dei er kjende med innhaldet i lokal SFO-forskrift før søknaden kan sendast.

Opptaket skjer om våren og gjeld til det vert levert skriftleg oppseiing med oppseiingstid på to månadar frå den 1. i påfølgande månad.

### § 5-4 Kjøp av einskilddagar i SFO

Barneskulane i Sykkylven kommune kan unntaksvis tildele einskildelevar dagsopphald i SFO for å avhjelpe heilt spesielle situasjonar. Dette er meint som ei moglegheit for å avhjelpe eit kortvarig behov, for eksempel ved sjukdom, familiar med spesielle behov eller hendingar som ikkje kan planleggast, og skal ikkje ha varigheit utover nokre dagar. Dagsprisen er oppgitt på heimesida til kommunen.

## § 5-5 SFO-tilbod for elevar med særskilde behov på 1.-7. trinn

Barn med særskilde behov har ikkje rett til spesialundervisning i skulefritidsordninga fordi SFO ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa. PP-tenesta er ikkje sakkunnig instans i høve SFO. Kommunen bør likevel lytte til råd og vurderingar frå ulike instansar som kjenner barnet og som kan ha nyttig informasjon om barnet sine behov og funksjonsnivå.

5.-7. trinn: Kommunen skal ha skulefritidsordning for elevar med særskilde behov på 5.-7. årstrinn. Tilbodet er eit enkeltvedtak og behovet må dokumenterast av sakkunnig instans, t.d. lege, spesialist, etc. og vere i tråd med individuell plan (IP). Skulen er også viktig i vurderinga ut i frå at dei kjenner eleven godt. Tilbodet er utan foreldrebetaling.

## § 5-6 Klagerett

Tildeling av plass og avslag på søknad om plass er eit enkeltvedtak med klagerett etter forvaltningslova. Formannskapet er klageorgan.

# § 6 Opphaldstilbod og prisar

## § 6-1 Tilbod

Sykkylven kommune tilbyr ulike SFO-tilbod med differensierte opphaldstider og prisar. Informasjon om tilboda skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Endringar av SFO-tilbod skal godkjennast av Levekårsutvalet.

## § 6-2 Prisar

SFO er finansiert av foreldrebetaling og Sykkylven kommune. Satsen for foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret årleg. Eventuelle endringar gjeld frå 1. januar og vert oppdatert på kommunen si heimeside.

## § 6-3 Foreldrebetaling

Følgjande reglar gjeld for foreldrebetalinga:

- Foreldrebetaling skal krevjast inn med 11 betalingsterminar (månadar), det vil seie frå 1. august til og med 30. juni. Juli er betalingsfri. Foreldrebetalinga vert kravd inn for heile månadar. For elevar som blir innmeldt etter skulestart, vert det kravd foreldrebetaling frå og med den 1. i månaden eleven er meldt inn i ordninga.
- Det blir ikkje gitt fråtrekk for fråvær. Ved langvarig sjukdom kan familiar søke om permisjon og betalingsfritak (sjå § 7).
- Manglande foreldrebetaling (misleghald) gir grunn for oppseiing av plassen. Utestengingsvedtak kjem i eige brev. Oppseiingsfristen frå kommunen si side er ein månad, rekna frå månaden etter at oppseiingsvedtaket vart gjort.

- Dersom ein familie har uteståande restansar for opphald i SFO og barnehage, kan familien sine barn likevel verte tildelt plass ved hovudopptaket, men restansen må vere betalt før barnet får begynne i SFO.
- Betaling for kost (mat) kjem i tillegg til ordinær foreldrebetaling.

## § 6-4 Moderasjonsordningar

Sykkylven kommune pliktar å tilby dei moderasjonsordningane som til ei kvar tid er fastsett av nasjonale myndigheiter. Dette gjeld:

- Gratis kjernetid
- Inntektsavhengig ordning med redusert foreldrebetaling (krev dokumentasjon på inntekt). Er søknadsbasert. Ingen familie skal bruke meir enn maksimalt 6% av samla skattbar inntekt for ein SFO-plass.
- Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5.-7. trinn

## § 6-5 Søskenmoderasjon

Dersom ein familie har fleire søsken som går på SFO gir Sykkylven kommune søskenmoderasjon på 25% for barn nummer to, og 40% frå og med barn nummer tre.

## § 7 Endring av tildelt tilbod

Endring av tildelt tilbod i løpet av skuleåret skal avgjerast av skulen, etter skriftleg varsel / søknad frå føresette i Visma Flyt Skole.

- Auke av opphaldstid kan gjerast straks dersom det er plass i SFO.
- Reduksjon av opphaldstid har oppseiingsfrist på 2 månadar, gjeldande frå den 1. i etterfølgjande måned. Ein må betale for plassen i oppseiingstida, sjølv om ein ikkje nyttar heile plassen fullt ut.

Det er ikkje mogleg å endre SFO-tilbodet eller seie opp SFO-plassen same måned. Barn i SFO, som på grunn av alvorleg og langvarig sjukdom må ha permisjon eller gå ut av ordninga, kan etter søknad med vedlagt legeattest få avkorta opphaldsbetaling eller oppseiingstid.

## § 8 Oppseiing av plass

SFO-plassen skal seiast opp skriftleg. Oppseiingstida er 2 månadar og gjeld frå den 1. i etterfølgjande måned. Ein må betale for plassen i oppseiingstida sjølv om ein ikkje nyttar den. Dersom plassen vert sagt opp etter 31. mars, må ein betale ut skuleåret (t.o.m. juni).



## § 9 Opningstider

Med atterhald om lokale tilpassingar ved den enkelte skule har SFO følgjande opningstider:

- Frå klokka 07:15 til skulestart
- Frå skuleslutt til klokka 16:15
- Langdagar: Dei dagane det ikkje er skule (skulefrie dagar) vil SFO-tilbodet halde ope frå klokka 07:15 til klokka 16:15.

SFO held stengt laurdagar, søndagar og heilagdagar, 5 planleggingsdagar, julaftan, i romjula, i påskeveka og 4 veker i fellesferien (sommarferie).

## § 10 Skulefrie dagar

På skulefrie dagar er det ikkje undervisning, men SFO held opent frå kl. 07:15 til 16:15, jf. § 9 Opningstider. Dette er såkalla langdagar. Sykkylven kommunen har ulike SFO-alternativ der antal langdagar er presisert i tilbodet. Ein skulefri dag reknast som ein heil dag, og kan ikkje delast over fleire, korte dagar. Oversikt over SFO-året sine langdagar vil kome fram i SFO-ruta (sjå kommunens heimeside).

Det er bindande påmelding til feriar og fridagar. Foreldre må melde inn innan 1. mai kvart år når barna skal ha sommarferie frå SFO. Minimumstalet for påmelde barn for å halde ope på skulefrie dagar er 7 barn.

I skulen sine feriar og fridagar kan to eller fleire skulefritidsordningar samarbeide om å tilby heildagstilbod. Det er SFO-avdelinga på den skulen eleven går, som har ansvar for å lage eventuelle samarbeidsavtalar med andre skulefritidsordningar og det skal vere bemanning frå begge avdelingane. Samarbeid mellom kommunale SFO-ordningar kan vere aktuelt for å kunne gi eit tilbod når det er færre enn 7 påmelde barn pr. avdeling.

## § 11 Måltid

Alle SFO-avdelingane skal ha fruktservering. Elles er det opp til den enkelte avdeling om ein vil basere seg på servering av måltid eller matpakkar som barna tek med sjølve. Dersom SFO-avdelinga vel å ta betaling for matsservering skal prisen ikkje overstige sjølvkost.

## § 12 Bemanning

Bemanninga vert tilpassa behov på dei ulike SFO-ordningane av rektor/einingsleiar i samarbeid med SFO-leiar. Rettleiande bemanningsnorm som er fastsett nasjonalt skal vere ei rettesnor. Bemanninga skal stå i forhold til talet barn som er til stades, barna sin alder og behovet for tilrettelegging for einskildbarn/grupper av barn. Det er ikkje krav om pedagogisk personale i SFO.

Bemanninga skal vere forsvarleg i høve barna sin alder og føresetnader. Det betyr ei bemanning som er fleksibel og kan tilpassast behov. Barn med særskilde behov for ekstra tilsyn og omsorg kan utløyse tilleggsressursar i SFO.

Skulefritidsordninga er ansvarleg for barna sin tryggleik. Tilsynet må i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje, jf. §§ 1-3 i «Forskrift om helse og miljø i barnehage, skoler og SFO».

## § 13 Leike- og opphaldsareal

SFO har base på kvar barneskule og har tilgang til nødvendige tilleggsareal på skulen. SFO kan nytte skulen sitt areal både ute og inne. Arealet inne og ute skal vere tilpassa den aktiviteten som vert driven i den einskilde SFO-avdelinga.

## § 14 Skyss til og frå SFO

Barn som har plass i SFO og som på grunn av funksjonshemming eller midlertidig skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå SFO. Søknad om tilrettelagt skuleskyss vert sendt til kommunen. Dokumentasjon frå sakkunnig lege/spesialist som grunngjev behovet for særskilt tilrettelagt skyss samt varigheit, må følgje med søknaden. Retten gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og SFO-avdelinga. Retten gjeld ikkje i skuleferiane.

Funksjonsfriske barn har ikkje rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Dette gjeld sjølv om barnet har rett til skyss til/frå skulen. Elevane som har rett til skuleskyss skal meldast inn i skuleskyssportalen til fylkeskommunal skyss av skulen, uavhengig av om dei har plass i SFO. Dette betyr at dei får busskort sjølv om dei går på SFO.

## § 15 Reglar for orden og åtferd

Dei reglane for orden og åtferd som er fastsett i lokal «[Forskrift om skulereglar](#)» (§ 6) skal også gjelde for SFO. Det same gjeld sanksjonar og tiltak ved brot på ordensreglementet (§ 7). Unntak gjeld for dei reglane som er spesifikt er knytt til grunnskuleopplæringa, til dømes reglane for fråvær/permisjon og nedsett ordens-/åtferdskarakter.

## § 16 Legemiddelhandtering

SFO skal følgje dei same rutinane for legemiddelhandtering og medisineringsområde som gjeld for elevar og barnehagebarn. [Rutinane](#) er tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

## § 17 Politiattest

Tilsette i SFO må legge fram gyldig politiattest i tråd med opplæringslova § 17-11. Personar som er dømde for eller har vedtatt førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige, skal ikkje tilsetjast eller ha praksis i SFO.

Dersom politiattesten inneheld merknader om verserande sak eller andre straffebrot, skal det vurderast konkret om personen bør tilsetjast, ha praksis eller utføre oppgåver i SFO.

## § 18 Teieplikt

Alle tilsette i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova § 13. Dette gjeld også for medlemar i styrande organ for SFO, samt studentar, vikarar og andre som oppheld seg på SFO.

## § 19 Ulykkesforsikring

I Sykkylven kommune er barna i SFO forsikra gjennom same forsikringsordning som gjeld for skuleelevar. Dette gjeld dersom det oppstår skade under opphald i SFO eller deltaking i aktivitetar arrangert av SFO.

## § 20 Endring av lokal SFO-forskrift

Endring av denne forskrifta skal vedtakast av Levekårsutvalet.

## Iversetjing

Lokal SFO-forskrift for Sykkylven kommune trer i kraft frå 13.11.2024.